



Alver Kommune Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: Eilin Houlison Molvik
Vår: 23/2296 - 23/24779

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no


Dato:

29.03.2023

Uttale - søknad om utvida bruk av avkjøyrsløye - gbnr 137/765 Alver

Tiltak: avkjøyrsløye
Byggjestad: Gbnr: 137/765
Tiltakshavar: Majo Prosjekt
Ansvarleg søkjar: Majo Prosjekt

Viser til vedlagt søknad om utvida avkjøyrsløyløye til regulert kommunal veg. Søknaden er motteken hos oss 10.02.2023. Det vart i politisk vedtak datert 07.09.2022 gjeve dispensasjon til etablering av tomannsbustad på eigedom Gbnr 137/765. Dispensasjon er gjeve frå plankravet i kommunedelplan Knarvik, Alversund med Alverstraumen og kravet til maksimal gesimshøgde gjeve i pbl § 29-4.



Utbyggjar søkjer nå om løyve til utvida bruk av regulert avkjøyrsløye til eigedom gbnr 137/765. Sjølve eigedomen er uregulert og har planlagt tilkomst til regulert felles offentleg veg o_V2 via f_V1 til uregulert privat køyreveg. Avkjøyrsløye til offentleg veg er regulert gjennom reguleringsplan Kubbaleitet/planid 1263-201215.

Vi ber om vegavdelinga sine merknadar til søknad om utvida avkjøyrsløyløye for eigedom Gbnr 137/765 snarast og innan 28.03.2023.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00

Uttale:

Alver kommune ved Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning viser til førespurnad om uttale vedkomande søknad om utvida bruk av avkøyrslø frå kommunal veg.

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har vurdert saka og kan gje løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrslø på vilkår:

- Avkøyrslø skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkøyrslø som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige reglar om bygging og vedlikehold av avkøyrslø frå offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkøyrslø, svingradius, sikt, drenering under avkøyrslø og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsoner vert definert etter fartsgrense på vegen. Minstekrav til sikt er 3 x 20 meter. Siktsoner skal ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over kommunalt vegnivå. Brukarane av avkøyrslø skal, til ein kvar tid hande siktsona ved like.
- På dei to første metrane skal avkøyrslø ha eit svakt fall frå kommunal veg på 2,5 %, etter dette skal vegen ha ei maks stigning/fall på 12,5% (maks stigning/fall 1:8).

Kommunal vassleidning over tomt:

Det går fram av leidningskartet til kommunen at det ligg ein kommunal vassleidning over arealet som ein har tenkt å bygge på. Omlegging av leidningsnett må avklarast med Samferdsel-, veg-, vatn- og avløp-forvaltning.

I regelverk er det fastsett at avstand mellom bygg og kommunale leidningar skal være minst 4,0 meter (jf. standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelser punkt 3.4). Plassering av bygg som er i strid med krav til avstand, krev søknad om dispensasjon.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Inger Marie Jordal
Tenesteleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver Kommune Plan og
byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG